

FANGST OG SKJELPRØVAR I MODALSELVA


Fangststatistikk

Det vart ikkje registrert fangst av sjøaure i åra 1976-84 (**figur 1**, stolpar). I åra 1969-75 vart det i snitt fanga 359 sjøaure per år, med 1972 som toppår (569 sjøaure). I perioden 1985-2011 var snittfangsten 163 per år, men fangstane avtok vesentleg frå midt på 1990-talet og utover. Etter at elva var stengt for fiske i 2012 og 2013, vart det registrert ein fangst på høvesvis 12 og 18 sjøaure dei siste to åra.

I perioden 1969-1994 har det berre vore rapportert sporadiske fangstar av laks. I åra 1995-2011 vart det i snitt fanga 15 laks per år, før elva vart stengt for fiske i 2012 og 2013. I 2015 vart det fanga 40 laks med ei snittvekt på 2,5 kg. Modalselva er ikkje rekna å ha ein eigen sjølvreproduserande laksebestand.

Det er ein svak samanheng mellom sjøaurefangstane i Modalselva og resten av fylket, men også fleire år med klare avvik (**figur 1**, linjer). Det ikkje er nokon samanheng for laksefangstane.

I 2015 vart alle sjøaurane sett ut att i elva, medan alle laksane vart avliva. Gjenutsett fisk er inkludert i fangststatistikken.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Modalselva i perioden 1969-2015 (antal, stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Hordaland. **NB!** Fangst inkluderer gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Frå sportsfisket i perioden 1999-2015 er det samla analysert skjelpørvar av 165 laks og 520 sjøaure. I 2015 kom det inn prøvar av 23 laks og 2 sjøaure (**figur 2**). Dei fleste åra er det sendt inn ein ganske høg andel av registrert fangst.

Andel rømt laks i skjelmaterialet har variert svært mykje mellom år, frå 0 % i 2005 og 2011-15, til 85 % i 2003. Av det samla skjelmaterialet for heile perioden har ca. 40 % vore rømt oppdrettslaks.



FIGUR 2. Antal skjelpørvar frå sportsfiske i Modalselva 1999-2015, og andel rømt oppdrettslaks (%).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no